


**MODALEN KOMMUNE**



**ØKONOMIPLAN 2015 – 2018**

**OG**

**ÅRSBUDSJETT 2015**

**Formannskapet sin innstilling  
FS-sak 049/2014  
Til handsaming i kommunestyret: 12.11.14**

<b>1</b>	<b>GENERELLE RAMMER OG FØRESETNADER FOR BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET.....</b>	<b>3</b>
1.1.	Lovreglar.....	3
1.2.	Organisering av arbeidet og vedtak.....	3
1.3.	Organisatoriske verkemidler og spelereglar.....	4
1.4.	Fordelingsfullmakter.....	4
<b>2.</b>	<b>GENERELT OM KOMMUNEN SIN ØKONOMI, FØRESETNADER OG OVERORDNA MÅLSETTING.....</b>	<b>4</b>
2.1.	Økonomi og generelle føresetnader.....	4
2.2.	Overordna visjon og målsetjingar.....	5
<b>3.</b>	<b>ØKONOMISKE FØRESETNADER FOR BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015 – 2018. ....</b>	<b>5</b>
3.1.	Føresetnader for inntektssida.....	5
3.1.1.	Innleing.....	5
3.1.2.	Skatteinntekt og eigedomsskatt.....	5
3.1.3.	Rammetilskot.....	6
3.1.4.	Kompensasjon for meirverdiavgift.....	7
3.2.	Føresetnader for utgiftssida.....	7
3.2.1.	Lønsvest.....	7
3.2.2.	Godtgjering ordførar og varaordførar.....	7
3.2.3.	Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift.....	8
3.2.4.	Avdrag.....	8
3.2.5.	Lånerente.....	8
<b>4</b>	<b>BUDSJETTLØYVINGAR – AVDELINGANE – TALDEL - OVERSYN.....</b>	<b>8</b>
4.0	Merknader til budsjettet for 2015.....	9
4.1.	Presentasjon einingane:.....	9
4.1.1	Rådmannen/sentraladministrasjon:.....	9
4.1.2	Kultur.....	11
4.1.3	Sosial og barnevern:.....	12
4.1.4	Skule.....	13
4.1.5	Barnehage.....	13
4.1.6	Pleie og omsorg.....	14
4.1.7	Kommunelege.....	15
4.1.8	Teknisk etat:.....	15
4.2.	Tabellar og oversyn:.....	17
	Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet.....	17
	Næring.....	18
	Budsjettskjema 1A/1B.....	19
	Økonomisk oversikt drift.....	20

<b>5. INVESTERINGAR.....</b>	<b>22</b>
5.1. Oversyn over investeringar – budsjettskjema 2B.....	22
5.2. Budsjettskjema 2A – Investering .....	23
5.3. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling .....	23
5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet.....	24
5.5. Utfyllande kommentarar til framlagt liste over prioriterte og uprioriterte småinvesteringar .....	29

# 1 Generelle rammer og føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet

## *1.1. Lovreglar*

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid. Kommunen si plikt til å utarbeide og vedta budsjett for det kommande året er nedfelt i kommunelova § 45. Plikta til å utarbeide økonomiplan som minimum omfattar dei 4 neste rekneskapsåra, og foreta ei årleg rullering av økonomiplanen, er nedfelt i kommunelova § 44.

Føremålet med planane er å kartleggje kommunen sine økonomiske rammer i planperioden, og vise mål og oppgåver for kommunen i den same periode innanfor dei økonomiske rammene som kommunen har. Det er eit ufråvikeleg krav at inntektene og utgiftene for dei ulike åra i planperioden er i balanse.

## *1.2. Organisering av arbeidet og vedtak*

Budsjetteringa har teke utgangspunkt i vidareføring av eksisterande driftsnivå, justert for kjente/vedtekne endringar, og ei målsetjing om at årleg netto driftsresultat over tid vert tilpassa investeringsnivået til kommunen, slik at handlefridomen vert ivareteken og at kommunen har buffer til å handtera evt uføresette endringar med negative konsekvensar.

I formannskapsmøte 14.10.14 var det ei innleiande drøfting av føresetnader for budsjettarbeidet der budsjettskisse vart presentert for formannskapet til drøfting, med sikte på signal å ta omsyn til i utarbeiding av budsjettframlegget.

Etter avdelingsvis budsjettering og sentral samordning, er det sendt ut eit budsjettframlegg frå rådmannen til politisk handsaming. Formannskapet handsama budsjettsaka i møte 11.11.14. Budsjettinnstillinga frå formannskapet vert lagt til ålment ettersyn i 14 dagar i perioden før kommunestyremøtet 11.12.14. Budsjettvedtaket vert gjort i kommunestyret 11. desember 2014.

### ***1.3. Organisatoriske verkemidler og spelereglar.***

Modalen kommune har hatt, og har god økonomi til å yta tenester for innbyggjarane i kommunen. Utviklinga peikar mot ein strammare økonomi. Det er derfor viktig med ei tydeleg prioritering framover, god økonomisk styring og at ein fokuserer på å få mest mogleg tenester ut av dei pengane ein løyver, samt at ressursbruken er i tråd med dei løyvingane kommunestyret har gjeve.

### ***1.4. Fordelingsfullmakter***

Kommunestyret gjev **rammeløyving** til følgjande område:

**Rådmannen/sentraladministrasjon**

**Kultur**

**Sosial og barnevern**

**Skule**

**Barnehage**

**Pleie og omsorg**

**Kommunelege**

**Teknisk etat**

**(Sjå budsjettskjema 1B i tabell 4.2.2).**

Desse rammene er absolutte, og endringar kan berre gjerast av kommunestyret. Den løpande oppfølginga av budsjettet på politisk nivå vert lagt til formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til kommunestyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/økonomiplan fatta i kommunestyret.

## **2. Generelt om kommunen sin økonomi, føresetnader og overordna målsetting.**

### ***2.1. Økonomi og generelle føresetnader***

Kommunen si inntekt kjem i hovudsak frå følgjande finansieringskjelder:

- Skatteinntekt inkl naturressursskatt
- Rammetilskot
- Skatt på eigedom
- Konesjonsavgift
- Øyremerka tilskot
- Gebyr/avgifter/brukarbetaling

Svært mykje av kommunen sin økonomi er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt utgjer samla over halvparten av driftsinntektene til kommunen og andelen har til no vore aukande. Men nye prognosar

signaliserer ein vesentleg reduksjon av naturressursskatt og eigedomsskatt i økonomiplanperioden. Dette vil vere ein stor utfordring å handtere i åra som kjem. Det er igongsett ein prosess med kvalitetssikring av prognosane. Uansett utfallet av denne prosessen er det stor sannsynlegheit for at den økonomiske situasjonen vil verte strammare framover, og det er viktig å setje i gong prosessar for å finne tenlege løysingar.

## ***2.2. Overordna visjon og målsetjingar***

Kommunen sin overordna visjon og målsetjing er nedfelt i kommuneplanen.

Visjon:

- Modalen kommune skal vera den beste kommunen å bu i
- Engasjerte og aktive innbyggjarar i arbeid og fritid

Hovudmålsetjing:

- Å leggja tilhøva til rette for eit aktivt og utviklande lokalsamfunn. I denne samanheng er det avgjerande at kommunen kontinuerleg arbeider aktivt for å leggje tilhøva til rette for å auka folketalet

Vidare heiter det i kapittel 8.3 i kommuneplanen:

- Modalen kommune skal ha ein økonomisk handlefridom som gjer at ein kan løysa eksisterande og nye utfordringar til beste for innbyggjarane i kommunen.

Verkemedel: Alle ledd i organisasjonen må bidra til ei økonomistyring som gjer at det til ei kvar tid er tilgjengeleg og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom.

## **3. Økonomiske føresetnader for budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018.**

### ***3.1. Føresetnader for inntektssida***

#### **3.1.1. Innleiing**

Ved utrekning av rammeoverføringane har ein tatt utgangspunkt i dei statlege føresetnadene slik dei er vist i KS sin prognosemodell oppdatert etter framlegg til statsbudsjett frå regjeringa.

For skatt og rammetilskot er det lagt til grunn ein mindre realstyrking for 2016 og så flatt nivå framover.

#### **3.1.2. Skatteinntekt og eigedomsskatt**

Skatt og eigedomsskatt utgjer samla drøyt 50 % av samla inntekt til kommunen.

For 2015 legg ein til grunn ein samla skatteinngang på totalt kr 22,6 millionar, av dette utgjer naturressursskatt kr 15,1 millionar og personskatt kr 7,5 millionar.


Det kommunale skatteøyret vert sett til maksimalsats ved kommunelikninga for 2015.

Eigedomsskatt vert vidareført med 7 promille (lova sin maksimalsats) i 2015.

Eigedomsskatten omfattar kun verk og bruk. Eigedomsskatten forfell til betaling i 2 terminar: 31.03 og 30.09.

Frå og med eigedomsskatteåret 2012 vart det endringar i reglane for utrekning av eigedomsskattegrunnlaget for kraftproduksjonsanlegg. Det er likningsverdiar som ligg til grunn for utrekning av eigedomsskattegrunnlaget. I samband statsbudsjettet for 2012, vart det vedteke justeringar av maksimumsgrensa for eigedomsskattegrunnlaget. Denne endringa auka eigedomsskatteinntekta for åra 2013 og 2014. For 2015 er det lagt inn kr 22,8 millionar i eigedomsskatteinntekt. Dette er kr 0,5 lågare enn for 2014. Mottekne prognosar frå BKK syner ein forventta stor reduksjon dei komande åra. I budsjettet for 2015 er BKK sin prognose lagt til grunn. Den er i samsvar med det som no er fastsett av sentralskattekontoret. For åra 2016-18 er det lagt inn ein mindre reduksjon enn kva denne prognosen tilseier. Rådmannen vil føreta ei kvalitetssikring av desse tala og har engasjert LVK til dette.


**Diagram: Utvikling skatt og e-skatt samla 2007 til 2015 (årleg %-vis endring):**



### **3.1.3. Rammetilskot**

Inntektene er rekna med siste prognosemodell frå KS, der føresetnadene frå regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett er lagt inn. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Utgiftsutjamninga tek høgde for ulike behov mellom kommunane, medan inntektsutjamninga tek høgde for ulik skatteinngang mellom kommunane.

Det er lagt til grunn eit rammetilskot på kr 16,0 millionar i 2015.



Oversynet viser årleg prosentvis endring i rammetilskotet frå 2007 og fram til 2015. I 2007 var rammetilskotet til Modalen om lag kr 5,6 millionar.

Den store veksten vi hadde i 2011 og 2012 hang i stor grad saman med 2 faktorar:

- Innlemming av barnehagetilskot i rammetilskotet i staden for øyremerka tilskot
- Endringar i kriteriedata for utgiftsutjamning

#### **3.1.4. Kompensasjon for meirverdiavgift**

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i driftsbudsjettet for 2015 er lagt inn med kr 2,6 millionar.

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i investeringsbudsjettet 2015 er lagt inn med kr 0,9 millionar.

### ***3.2. Føresetnader for utgiftssida***

#### **3.2.1. Lønsvekst**

I lønsbudsjetteringa har ein nytta venta lønsvekst i tråd med føresetnadene i statsbudsjettet, dvs 3%.

#### **3.2.2. Godtgjering ordførar og varaordførar**

Godtgjering for ordførar og varaordførar er budsjettert i høve nytt reglement vedteke i 2012.

### **3.2.3. Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift**

Modalen kommune har avtale med KLP om pensjonsforsikring for alle tilsette utanom lærarane, som er forsikra i Statens pensjonskasse. Pensjonspremie for ordførar er endra i samsvar med vedtak om ny pensjonsordning for folkevalde (KS 005/14).

Budsjettføresetnadene er gjort med bakgrunn i prognosar gjeve av pensjonsleverandørane.

Det er i budsjetteringa nytta følgjande premiesatsar:

Pensjonspremie	KLP 18,00 %
Pensjonspremie	SPK 11,55 % (Lærarar)

Arbeidsgjevaravgifta er rekna med 13 % av lønspostane inkl. pensjonspremie.

### **3.2.4. Avdrag**

Modalen kommune legg ikkje opp til nye låneopptak i 2015. Budsjettert avdrag vert sett til kr 1,5 millionar, ein reduksjon med kr 1 million i høve til 2014. Dette er framleis godt over kravet til minimumsavdrag etter kommunelova. Lånegjelda er pr 1.1.14 om lag kr 24,4 millionar utanom formidlingslån.

### **3.2.5. Lånerente**

Størstedelen av lånegjelda, kr 19,2 mill, er fastrente til 3,55 % fram til oktober 2016. Flytande rente i Kommunalbanken er pr dato 2,25 %.

## **4 Budsjettløyvingar – avdelingane – taldel - oversyn**

Formannskapet handsama sak om budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 i møte 11.11.14. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret 11.12.14. Budsjettet for 2015 vil ha ei brutto utgiftsramme på omlag kr 87 millionar, med eit netto driftsresultat på om lag kr 1,8 millionar.

Modalen kommune har hatt ein solid økonomi og god handlefridom, men tendensen til svakare resultat har medført eit ekstra fokus på driftsresultatet dei seinare åra. Det er viktig å halda netto driftsresultat på eit høgt nivå for å kunne ha buffer mot endringar i rammevilkåra for kommunen, samstundes som investeringsnivået over tid er tilpassa resultatet frå drifta, og ein opprettheld høvet til å eigenfinansiera investeringane i størst mogleg grad.

Det er som nemnt viktig å bevare handlefridomen ved å ha positivt driftsresultat kvart år. Det er difor viktig å vera merksam på utviklinga i driftskostnadene og inntektene, slik at økonomien vert styrt til beste for kommunen og innbyggjarane. Å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar er nødvendig, slik at ein kan sikra at det er høve til å få på plass nødvendig infrastruktur mv som ofte vil ha høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.



## 4.0 *Merknader til budsjettet for 2015*

Budsjettinnstillinga for 2015 tek utgangspunkt i å vidareføre driftsnivået som har vore i 2014. Der det er avvik/endringar går dette fram av kommentarane i budsjettframlegget.

I formannskapsmøte den 14.10.14 skildra rådmannen den økonomiske situasjonen og grunnlaget for driftsbudsjettet for neste år og økonomiplanperioden 2015-2018. I etterkant av møtet har rådmannen gjennomført og slutført den administrative prosessen. I arbeidet med budsjettet har rådmannen lagt opp til ein grundig gjennomgang frå dei budsjettansvarlege innan ulike ansvars og tenesteområde. Dette inkluderer eit auka fokus på å budsjettere inntektene innan ulike ansvars- og tenesteområde slik at dei samsvarar meir med tidlegare rekneskapstal og forventa inntekt neste år.

### 4.1. *Presentasjon einingane:*

#### 4.1.1 Rådmannen/sentraladministrasjon:

##### **Rådmannen**

Rådmannen har det overordna ansvaret for heile kommunen. Rådmannen skal syta for at sakene vert førebudd før politisk handsaming og for at politiske vedtak vert sett i verk. Frå 1. januar 2013 er den administrative organiseringa endra til ein modell med to nivå. Leiarane for dei einskilte einingane har i samsvar med dette direkte ansvar for sine økonomi-, personal- og fagområde og dei rapporterer til rådmannen.

Rådmannen har det overordna og samla budsjettansvaret, men det direkte og faglege ansvaret vert ivareteke av økonomisjefen som kommunen deler med Osterøy kommune. Rådmannen har direkte ansvar for dei delar av budsjettet som er meir sektorovergripande med særleg vekt på dei politiske organa, IKT, kommunekasserarfunksjon og næringsutvikling. Etter den administrative omorganiseringa er tenestene for sosial/NAV og barnevern også lagt til rådmannen medan landbruk er overført til teknisk sjef. Frå 2014 vart kulturaktivitetane med bibliotek og Bryggjeslottet skilt ut frå rådmannen sitt rammeområde og lagt inn som eit eige budsjett og ansvarsområde med kultursjefen som leiar av eininga.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd der tillitsvalde er med, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapshøving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og personalpolitikken som er viktig i alle organisasjonar. Omorganisering, som er gjennomført, er både med å tydeleggjer ansvaret og styrkjer personalarbeidet på einingsnivå. Midlar til kjøp av tenester frå Bedriftshelsetenesta er auka for å gjennomføre ulike tiltak i 2015. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Tilskotet til Mo sokn (kyrkja) inngår i ansvar 1000 rådmannen. For 2015 vert det søkt om kr 1 074 700 i tilskot til drift. Driftstilskotet til Mo sokn har auka vesentleg dei siste åra. I 2010 var det kr 730 000 og kr 1 010 000 i 2014. Denne auken utgjer ein større vekst enn kva som har vore for kommunale einingar i perioden. Mo sokn sin rekneskap for 2013 vart gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 89 000, eit netto driftsresultat på kr 165 000 og hadde pr 31.12.13 fondsmidlar og udisponert resultatmidlar på samla om lag

kr 400 000. Kommunen skal også betale tilskot til andre trusamfunn basert på tilskotet til kyrkja. Dette er no innarbeida i budsjettet for 2015.

Rådmannen har i sitt framlegg rådd til at tilskot i 2015 vert sett til kr 1 010 000 tilsvarande som for 2014, og vil føreslå at det i økonomiplanperioden vert auka på nivå med deflator i komande statsbudsjett (ca. 3 % årleg).

Godtgjering til ordføraren og alle folkevalde vert belasta ansvar 1000 Rådmannen. Budsjettet er justert i samsvar med gjeldande reglement. Dette gjeld òg kostnader til frikjøp og refusjon av tapt arbeidsforteneste for folkevalde.

Tilskot til fordeling mellom politiske parti er avsett med kr 20 000.

Det er i 2015 sett av midlar til gjennomføring av val.

**Stillingsressurs:** Rådmannen: 100 %. Assisterande rådmann/rådgjevar: 100 %  
Rådgjevar: 40%. Administrasjon /arkiv/ kundetorg: 191 %.

### **Fellesfunksjonar:**

Lærlingeordning: Me har til ei kvar tid 1 lære plass som inngår i den kommunale tenesteproduksjonen. Pr i dag har me ingen lærlingar i kommunen, men ny lære plass vert vurdert kvar vår etter ei fellesannonse med Opplæringskontoret for Indre Hordaland.

### **Kommunekasserar**

Oppgåvene til avdelinga omfattar rekneskapsføring og årsavslutning, remittering/rekningsbetaling, fakturering og oppfølging, løn og fråvær, budsjett og budsjettoppfølging, eigedomsskatt, samt støtte og rådgjeving for avdelingane.

**Stillingsressurs:** Økonomikonsulent: 100 %

Modalen kommune har avtale om kommunekasserarfunksjonar med Osterøy kommune. Avtalen er oppseieleg med 6 månaders varsel før nytt årsskifte. Skatteoppkrevjarfunksjonen, som også omfattar kontroll, vert ivareteke etter avtale med Nordhordland Kemnerkontor som ei fellesløyning for kommunar i Nordhordland.

### **Rådgjevar IKT og økonomi**

Til stillinga ligg det eit koordineringsansvar for kommunen sitt ansvar i høve felles IKT-drift i Nordhordland. Kommunen sitt lokale behov for IKT-kompetanse vert ivareteke ved denne stillinga. Arbeidsoppgåvene er siste åra endra til også å omfemne ansvar for planlegging/gjennomføring av interne prosjekt, koordinering av oppgåver med innkjøp, HMS arbeid og økonomioppgåver for kommunekasserar.

Det interkommunale IKT samarbeidet i Nordhordland med Osterøy som vertskommune, går inn i sitt fjerde heile driftsår i 2015. Samarbeidet har styrka tenestene for alle kommunane og ein ser god nytte av dette samarbeidet både for utføring av tenester, innkjøp og driftsikkerhet.

Til vår del av IKT Nordhordland sine driftskostnader for 2015 er det sett av kr 797.000. Under småinvesteringar er det teke omsyn til felles investeringar som vil verte ført i driftsbudsjettet.

Det er lagt inn årlege kostnader kr 110.000 for redundans i fibernettet.

Innan IKT budsjettet har vi no samla alle føringar av kostnader relatert til IKT (drift, investeringar, serviceavtalar og lisensar) for alle einingar og sentraladministrasjon samt kostnader til kopimaskiner og telefoni. Innan dette budsjettområdet vert også alle inntekter og kostnader til drift og vedlikehald av fibernettet ført. Dette gjev ei god styring og kontroll.

Budsjettet tek omsyn til å vidareføre tilbod og kvalitetsnivå som vi har i dag slik at vi kan samhandle og vere på eit kvalitetsnivå med samarbeidande kommunar.

### **Næringsutvikling**

Rådmann og rådgjevar i stab vil samarbeide om å ivareta denne funksjonen i organisasjonen.

Ved behov vil rådmannen kjøpe inn konsulenttenester til å ivareta særskilte prosjektoppgåver, men midlar i driftsbudsjettet til kjøp av konsulenttenester er vesentleg redusert. Ved behov utover avsette midlar vil rådmannen føreslå prosjektfinansiering av aktuelle tiltak med løyvingar frå næringsfondet.

Det er sett av midlar i budsjett/økonomiplan til næringsutvikling (tilskot og lån frå næringsfondet). Likeeins er det sett av midlar til bustadtilskot finansiert av næringsfondet basert på forventa aktivitet i 2015. Tiltaka er viktige for å utvikle kommunen som ein god stad å bu og arbeide i.

#### **4.1.2 Kultur**

Kultursjefstillinga er kombinert med bibliotekartenesta. Kultursjefen har og eit overordna ansvar for å koordinera drifta ved Bryggjeslottet. Oppgåvene innanfor kultur omfattar mellom anna turistinformasjon, tilskot til lag, organisasjonar og kulturminnevern, samordning av kulturaktivitetar, Modalsdagane og andre kulturarrangement. Ansvar for skulemuseet på Sunnarhaugen og båten «Blien» ligg og til kultur.

Oppfølging av tiltak for turvegane og informasjonsmateriell høyrer til under kultursjefen. Kommunen har fått pengar frå Gjensidigestiftelsen til utbetring av turvegane. Målet for å setja i stand desse vegane er å leggja til rette for naturopplevingar for bygdefolk og turistar. I budsjettet er det framleis sett av noko pengar til utbetring av stiar/turvegar samt informasjon. Vidare utbetring av turstiar bør planleggjast med søknad av prosjektmidlar. Rådmannen sitt framlegg er redusert i høve til 2014.

Det er også for 2015 sett av betydelege beløp innafor kulturdelen av budsjettet. Pengane skal m.a. brukast som tilskot til arrangement og kulturtiltak i Modalen. Rådmannen vil rå til at det vert gjort ei politisk prioritering av tiltak og omfang på det som skal vidareførast. Kommunestyret bør ta stilling til framtida for «Blien»

I budsjettet er det avsett midlar til ein 20% delstilling for Barne og ungdomsarbeid. Har ikkje vore tilsetning i stillinga siste år, men det er gjeve stønad til ulike aktivitetar.

### **Biblioteket.**

Biblioteket er ope 3 dagar for veka. Mo skule har ikkje bibliotek men brukar folkebiblioteket sine tenester. Biblioteket samarbeider med barnehagen, skulen og kulturkontoret om «Den kulturelle skulesekken», forfattarvitjingar, barneteater, utstillingar, konsertar og kulturkveldar. Til stillinga ligg og ansvar for fjernarkiv.

### **Bryggjeslottet.**

Drifta vert vidareført som i 2014. I budsjettet er det teke omsyn til fastløn til deltidstillingar med helgevakter. Aktiviteten er stor og mange nyttar seg av tilboda. Inntektene er basert på erfaringstal frå 2014. Bryggjeslottet er sju år gammalt og det er trong for midlar til auka vedlikehald. Huset bør og målast utvendig.

### **Stillingsressurs kultur:**

Kultursjef/bibliotek: 100 %

Leiar for ungdomsklubb 20 %.

Driftsleiar, Bryggjeslottet: 100 % samt 4 delstillingar til helgevakt/badevakt 30%.

### **4.1.3 Sosial og barnevern:**

Tenestene NAV- sosial, edruskap og barnevern er organisatorisk lagt direkte under rådmann/sentraladministrasjonen.

#### **Barnevern:**

Me har for tida ein avtale med Vaksdal kommune om at dei skal ivareta vårt barnevern. Dette inneber at barnevernsleiar i Vaksdal kommune også er barnevernsleiar i Modalen kommune. Avtalen vart reforhandla og godkjent av kommunestyret i 2012, og varer ut 2017. Talet saker har variert mellom 3-5 dei siste åra.

#### **Edruskapsvern:**

Kommunen skal i medhald av sosialtenestelova rettleia og iverksetja hjelpetiltak overfor den enkelte til å koma bort frå misbruk av rusmiddel. Det er begrensa etterspurnad etter slik hjelp, og talet på saker har lagt mellom 0-1 pr år.

Me har i dag 2 butikkutsal og 1 skjenkestad som sel alkoholhaldig drikke. I tillegg har Bryggjeslottet løyve til å skjenka slutta lag. Rådmannen har delegert fullmakt til å tildele ambulerande løyve og einskildløyve. Me har avtale med privat skjenkekontrollør for tilsyn og kontroll av sals og skjenkestadene. Sals og skjenkeløyva vart fornya av kommunestyret i 2012, og varer til sommaren 2016. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune var til handsaming i kommunestyret hausten 2013.

#### **NAV / Sosial:**

Modalen kommune har i dag eit samarbeid med NAV Masfjorden om drift av NAV kontoret i Modalen. Det er sakshandsamar ved kontoret ca 2 dagar pr veka. Økonomisk sosialhjelp inngår som ein del av tenestetilbodet på NAV kontoret. Saksmengda er stabil.

Stillingsressurs: 60 % (40 % statleg, 20 % kommunal).

#### 4.1.4 Skule

Rektor ved Mo skule er ansvarleg for dette rammeområdet. Ansvarsområdet omfattar grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen. I tillegg har rektor det kommunale skuleansvaret som ein del av stillinga.

##### **Grunnskulen**

Alle elevar frå Eidslandet i Vaksdal kommune går no på Mo skule. Dette er ein avtale med Vaksdal kommune som gjeld til 01.08.2015, men kan forlengast med eit år om gongen til den vert sagt opp av den eine parten. Frå august 2013 har Vaksdal kommune betalt kr 86.000,- pr elevplass pr. år. Dette er i tråd med satsar for gjesteelevar i Hordaland fylke. Denne satsen skal justerast pr. 1.1. 2015 og vi legg til grunn 3.5% auke i budsjettet for 2015 .

Elevtal:		<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>
		57	66	74(19)	71(16)	74(17)	72(17)	79(16)	77(15)

(Tala i parentes viser elevtalet frå andre kommunar som inngår i det samla elevtalet.)

**Kulturskulen:** Kulturskulen har frå hausten 2010 hatt ein positiv auke i elevtal. Siste året har søknadane gått litt ned. Hausten 2014 er det 31 påmelde elevar på song og instrumentopplæring.

**SFO** er no organisert med opning før og etter ordinær skuletid som tidlegare. Nytt frå hausten 2014 er at det er innført undervisning for alle elevar fem dagar for veka. Elevar i 1.-4.klasse har då SFO frå 12.30 til undervisningsslutt kvar dag. Dette tilbodet vert gjeve utan foreldrebetaling, då det ikkje er sett opp skuleskyss etter undervisningsslutt for desse elevane.

Born i SFO:		<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>
		16	11	23	25	32	28	28	31

Det er meldt inn trong til auke på inntil 70% assistentressurs og 45% pedagogressurs utover kva som er lagt inn i stillingsbudsjettet. Auka behov vil delvis kunne finansierast gjennom auke i refusjonar. Rådmannen har ikkje lagt inn noko netto auke i budsjettet for 2015 og behovet må løysast innan skulen si samla budsjetttramme.

Det er budsjettert med 60 000 kroner for innføringa av betaling til frivillig fruktordning.

**Stillingsressurs:** 17,6 årsverk

##### **PPT:**

Pedagogisk psykologisk teneste vert kjøpt frå Vaksdal kommune. Avtalen gjeld ut 2017. Budsjettmessig er dette lagt inn under Mo skule frå 2014.

#### 4.1.5 Barnehage

Modalen barnehage er ein 2-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-4 år og 4-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Det er føresettt at born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Våren 2015 vil det vere 21 born/27 plassar i barnehagen, der 6 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma i Modalen barnehage er sett til 1 vaksen pr. 5 born.

Barnetal:	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)

(Tala i parentes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.)

Det er lagt inn ein auke i betalinga for plassar til born frå andre kommunar.

**Stillingsressurs:** 10,55 årsverk.

#### **4.1.6 Pleie og omsorg**

Modalstunet har totalt 16 sjukeheimplassar. Frå siste del av 2013 og fram til hausten 2014 er etterspurnad frå eigne innbyggjarar redusert til mellom 6-8 plassar. Her er korttidsplassar frå eigen kommune inkludert. Dette er på nivå med normtal for behov dei komande år til eldre over 80 år i Modalen. Vaksdal har ikkje fullt ut nytta sine 4 plassar i 2014. Ledige plassar vert tilbydd andre kommunar, men ingen av Nordhordlandskommunane har meldt interesse for leige av plassar i 2014.

Avtale med Vaksdal kommune om betalingssatsar vart reforhandla og godkjent av kommunestyret i 2012, og inntekter er justert i høve dette. Denne avtalen gjeld til 31.12.2015. Basert på lite etterspurnad frå andre kommunar og planlagt oppgradering av 2 rom til bebuarar, er det ikkje budsjettert med sal av plassar til Lindås eller andre kommunar i 2015.

Etter innføring av Samhandlingsreforma erfarer vi aukande etterspurnad av heimeteneste og korttidsplassar i kommunen. Det er og eit auka behov for psykiatritenester som pleie- og omsorg skal gje teneste til. Dette gjev utfordringar i høve bemanning, spesielt på kveld/helg.

Samhandlingsreforma gjer at me får pasientar tidlegare tilbakeført frå sjukehus enn før. Det vert no utført meir behandling på institusjon og i heimetenesta, som tidlegare vart utført på sjukehus. Ved behandling av desse pasientane, er det nye medikament som er kostbare og nye prosedyrar som personalet treng opplæring i for å kunne gje optimal teneste i eigen kommune. Innkjøp av utstyr for å gje den behandling som trengst kan og gje og ekstra kostnader.

Vi har i 2014 innført elektronisk meldingsutveksling mellom kommunelege/Helseforetak og pleie- og omsorgstenesta, der alle sjukepleiarar har fått delegert mynde til å handtere desse meldingane. Vi har tidsfristar for å svare på meldingane frå sjukehuset. Kommunen har krav om sjukepleiekompetanse 24 timar i døgeret. Dette er med å påverke kostnadane til drift av pleie og omsorgstenesta i åra framover.

Avtale om samarbeid i høve til øyeblikkeleg hjelp-plassar er inngått med Nordhordlandskommunane.

Pleie- og omsorg starta med tilbod til heimebuande demente i mars 2013, og tilbodet er vidareført i 2014. Ein sjukepleiar og ein aktivitør/miljøarbeidar er ansvarleg for tilbodet. Tilbodet er lagt til rette slik at også andre eldre i kommunen kan delta. Tilbodet har fått stor interesse, og totalt har tilbodet vorte gjeve til 10 personar i 2014. Tilbodet er ope annakvar veke, der dei eldre vert henta med bil av personalet og får servert frukost på Modalstunet. Intensjonen er at brukarane møtes i eit sosialt fellesskap, som gjev dei livskvalitet og meistring til å bu lengst mogleg heime. Vi vil søkje Helsedirektoratet om tilskot også for 2016 og planlegg å vidareføre tilbodet i åra som kjem.

Stillingsressurs: 18,6 årsverk.

#### **4.1.7 Kommunelege**

Kommuneoverlegen har ansvaret for helsetenestene i kommunen. Dette omfattar legetenesta, helsesøstertenesta, fysioterapitenesta og psykisk helseteneste med dagtilbod.

Kommuneoverlegen har i 2014 hatt permisjon i samband med doktorgrad, men er attende i første del av 2015.

Psykisk helseteneste har i tillegg til ansvar for å yte tenester for menneske med psykiske problem og lidingar også ansvar for tenester til menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming. Som ein del av rammetilskotet til kommunen mottok kommunen eit tilskot pr utviklingshemma innbyggjar.

Stillingsressurs: 5,2 årsverk

#### **4.1.8 Teknisk etat:**

##### **Teknisk sjef – tekniske tenester**

Ansvarsområdet omfattar kommunale bygg (nybygg, drift, vedlikehald). Vedlikehald av anlegg og område. Planarbeid, kart og oppmåling, byggjesaker, vatn, avlaup, vegar, brannberedskap, feiing, og landbruk/skogbruk.

Modalen kommune tilbyr all skuleungdom mellom 16 og 23 år sommarjobb. Dei som deltek på teknisk vert i hovudsak handtert av uteseksjonen ved teknisk etat.

Teknisk etat utfører også plenklipping og snørydding for pensjonistar og uføre som sjølv ikkje er i stand til, eller har pårørande som kan utføre slikt arbeid. Etterspurnad etter hjelp til snørydding har auka mykje dei siste åra.

Modalen kommune har ein stor bygningsmasse og mange utomhusanlegg. Desse anlegga vil også i åra som kjem ha trong for vedlikehald. For å hindre forfall er det naudsynt med eit kontinuerleg vedlikehald. Dette vil i tillegg til bruk av egne ressursar også krevje innleige av

eksterne firma. I budsjettframlegget er det teke omsyn til auka fokus på vedlikehald og oppgradering av VA-anlegg.

I budsjettframlegget er det lagt opp til gjennomføre ei full oppgradering av vassverket på Øvre- Helland.

Innan teknisk sektor har det dei siste åra vore endringar innan plan og bygningslova, lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), adresseregister og tekniske forskrifter. Modalen kommune har fokus på teoretisk og praktisk opplæring innan dette området.

Teknisk etat har ei vaktordning som vert utført av 4 personer med vakt kvar fjerde veke. Vaktordninga er samordna med brøyteberedskapen om vinteren. Det er etablert vakttelefon der den som har vakt på kort varsel kan rykkje ut ved feil på teknisk anlegg i kommunen.

**Stillingsressurs:** 631%

### **Brannvern**

Brannvernet i Modalen kommune samarbeidar med Meland og Lindås brannvern om opplæring av brannmannskapa. 14 personar er tilsett i delstillingar i det lokale brannvernet. I dei siste åra er det lagt inn auka kostnader for brannmannskapa.

### **Reinhaldstenesta**

**Stillingsressurs:** 541%

### **Landbruk**

I 2010 blei det etablert ein avtale for kjøp av tenester frå landbrukskontoret i Meland kommune. Rådgjeving og forvaltningsoppgåver innan landbruket vert ivareteke gjennom denne avtalen. Meland har også ansvaret for viltforvaltninga. Avtalen med Meland har fungert godt og vil verte vidareført i 2015.

Modalen kommune vil halde fram med landbruksvikar i 51% stilling gjennom avtale med Landbrukstenester i Hordaland.

**Stillingsressurs:** Landbruksvikar 51%.



## 4.2. Tabellar og oversyn:

### Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet

Beløpsgrensa for kva som kan førast i investeringsbudsjettet medfører behov for å ha driftsmidlar tilgjengelege. "Investeringar" på under kr 100 000 kan ikkje førast i investeringsbudsjettet, men i driftsbudsjettet/-rekneskapen. Oversynet inneheld òg driftsprosjekt med kostnad over kr 100 000. Tiltaka i oversynet vert ikkje innarbeida i dei ordinære driftsrammene til einingane og vert såleis ikkje vidareført i løyvingane for seinare år i økonomiplanperioden.

SMÅINVESTERINGAR	2015	2016	2017	2018
<b>Småinvesteringar Pleie og omsorg</b>				
Programvare Arbeidsplan - opplæring	65 000			
RS for utstyr til kjøkken, vaskerom, pleie	300 000			
<b>Småinvesteringar teknisk</b>				
Plenklipparar	25 000			
Opplæring brannmannskap	75 000	75 000	75 000	75 000
Ny komfyr samfunnshuset på Mo			60 000	
Utvendig maling kommunale bygg	200 000	200 000	200 000	200 000
Arealplan inkl. rosanalyse	100 000			
Kantklipping langs kommunale vegar.		50 000		
Fall laser til måling av fall på ledningar.	25 000			
Poleringsmaskin til Modalstunet, reinhald.		25 000		
<b>Småinvesteringar kultur</b>				
Innkjøp kunst til offentlege bygg	0	50 000	50 000	
Skulemuseet - restarbeid	50 000			
"MS Blien" - div vedlikehald/vøling		50 000		
Brosjyre - ny eller opptrykk			50 000	
Høgtalaranlegg samfunnshus	0			
Utvendig maling Bryggjeslottet	0	300 000		
Mosefjerning tak Bryggjeslottet	0	30 000		
Tak dusjrom - panel veggjar styrkerom	50 000			
<b>Småinvesteringar barnehagen</b>				
Bålhus		79 000		
<b>Småinvesteringar Mo skule</b>				
Støv/sponavsug		15 000		
Hyller lagring kunst og handverk		10 000		
<b>Rådmannen</b>				
Til rådvelde for Formannskapet	50 000	50 000	50 000	50 000
Investeringar felles IKT	120 000			
<b>Sum småinvesteringar</b>	<b>1 060 000</b>	<b>934 000</b>	<b>485 000</b>	<b>325 000</b>

## Næring

Innanfor rammeløyvinga til rådmannen/sentraladministrasjon vert ført tilgang til, og bruk av, midlar frå næringsfondet. Årleg konsesjonsavgift, rente- og avdragsinntekt frå utlån frå næringsfondet samt anna inntekt knytta til konsesjonsforpliktelsar vert inntektsført. Utlån, tilskot til næring og bustad, elevstipend samt andre utgifter på næringsområdet vert utgiftsført.

Netto inntekt, dvs samla inntekt etter frådrag av utgiftene, vert avsett til næringsfondet. Dette medfører at ansvarsområdet samla gjev null i resultat og vert ikkje synleg i budsjetttramma til rådmannen /sentraladm.

Dette er eit viktig område for kommunen og vert difor synt på detaljnivå i tabellen under:

		Budsjett	Budsjett	Regnskap
Ansvar:	1600 NÆRINGSKONSULENT	2015	2014	2014
Teneste:	2830 BISTAND TIL BUSTADER			
14700	TILSKOT/STØNAD	800 000	1 000 000	580 072
	Sum utgifter	800 000	1 000 000	580 072
19400	BRUK AV DISPOSISJONSFOND	-800 000	-1 000 000	-
	Sum inntekter	-800 000	-1 000 000	-
	Sum teneste: 2830 BISTAND TIL BUSTADER	-	-	580 072
Teneste:	3250 TILRETTELEGGING/BISTAND NÆRINGSLIVET			
11150	MAT/BEVERTNING	10 000	10 000	-
11202	DIVERSE UTGIFTER	40 000	40 000	-
11401	INFORMASJON/MARKNADSFØRING	50 000	50 000	-
11900	HUSLEIGE/GRUNNLEIGE	55 000	55 000	53 737
11951	LISENSAR/KONTINGENTAR	5 000	5 000	-
12302	VEDLIKEHALD AV ANLEGG	10 000	10 000	-
12700	KONSULENT-/ADVOKATTENESTER	117 000	117 000	-
14290	MVA-UTGIFT (UTANOM INNG MVA)	12 000	12 000	10 150
14700	TILSKOT/STØNAD	2 000 000	2 000 000	694 004
15200	UTLÅN DRIFT	500 000	500 000	23 400
15400	AVSETJING TIL DISPOSISJONSFOND	5 981 000	5 981 000	-
	Sum utgifter	8 780 000	8 780 000	781 291
16301	ANNA UTLEIGEINNTJEK	-	-	-18 000
16500	SALSINNTJEK MVA-PLIKTIG	-120 000	-120 000	-
18770	KONSESJONSAVGIFT	-4 939 000	-4 939 000	-
18900	OVERFØRING FRÅ PRIVATE	-237 000	-237 000	-
19000	RENTEINNTJEK UTLÅN	-100 000	-100 000	-45 710
19200	MOTTEKNE AVDRAG PÅ UTLÅN	-516 000	-516 000	-250 971
19400	BRUK AV DISPOSISJONSFOND	-2 868 000	-2 868 000	-
	Sum inntekter	-8 780 000	-8 780 000	-314 681
	Sum 3250 TILRETTELEGGING/BISTAND NÆRINGSLIVET	-	-	466 610
	Sum ansvar: 1600 NÆRINGSKONSULENT	-	-	1 046 682

Når det gjeld bruken av næringsfondet, er det investeringsutgifter som årleg belastar fondet mest. Dersom ei investering er innanfor det som næringsfondet kan brukast til, jfr

retningslinene for fondet, kan ein finansiere ved bruk av næringsfondet. Andre utgifter må finansierast med andre fondsmidlar, overføring frå driftsrekneskapen eller anna inntekt.

Næringsfondet har pr 31.12.13 ein saldo på kr 7,8 millionar, utanom grunnkapitalen på kr 2 millionar. Det er viktig å vere merksom på at næringsfondet er ein del av dei frie fondsmidlane til kommunen og at dei er klassifisert som disposisjonsfond. Det betyr at dei ikkje er bundne fondsmidlar, men det er kommunestyret som disponerer dei, sjølv om ein må avgrense bruken til tiltak som er i samsvar med retningslinene.

## **Budsjettskjema 1A/1B**

Tabellen er ein obligatorisk oppstilling i budsjettvedtaket for driftsbudsjettet og syner budsjettframlegget med sentralt førte inntektspostar, finanspostar, samt fondsbruk og avsetjing til fond (1A), og løyvingane til rammeområda (1B). I tillegg til dei sentralt førte postane som er ført i tabell 1A kan det vera finanspostar, bruk av fond og avsetjing til fond som ikkje er med i skjema 1A. Dei postane vil i så fall inngå i rammeløyvingane som er vist i skjema 1B. Sjå tabell 4.2.4 for inntekts- og utgiftsoversyn samla for kommunen.

I planperioden 2016-2018 er det for 2016 lagt til grunn ein realvekst med 2 % for skatt/rammetilskot. Framskriving av løyvingane til rammeområda for 2016-2018 er i tabellen halde på same realnivå som 2015. Salderingsbehovet er synleggjort på eiga linje. Tabellen er halde i faste 2015-kroner.

				2015 kr	2015 kr	2015 kr
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
<b>Budsjettskjema 1A:</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Skatt på inntekt og formue	7 849 148	7 526 000	7 800 000	7 956 000	7 956 000	7 956 000
Ordinært rammetilskudd	14 617 589	15 827 000	16 000 000	16 320 000	16 320 000	16 320 000
Skatt på eiendom	23 389 997	23 390 000	22 823 113	20 714 730	18 347 023	15 704 334
Andre direkte eller indirekte skatter	14 614 732	15 100 000	14 800 000	14 300 000	14 100 000	14 700 000
Andre generelle statstilskudd	149 345	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>60 620 811</b>	<b>61 993 000</b>	<b>61 573 113</b>	<b>59 440 730</b>	<b>56 873 023</b>	<b>54 830 334</b>
Renteinntekter og utbytte	747 868	540 000	745 000	626 214	510 887	398 919
Renteutg., provisjoner, andre fin.utg.	953 839	860 000	840 000	815 534	791 781	768 719
Avdrag på lån	2 500 000	2 500 000	1 500 000	2 427 184	2 356 490	2 287 854
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-2 705 971</b>	<b>-2 820 000</b>	<b>-1 595 000</b>	<b>-2 616 505</b>	<b>-2 637 383</b>	<b>-2 657 654</b>
Til ubundne avsetninger	4 867 716	937 671	0	0	0	0
Bruk av tidligere års mindreforbruk	3 547 916	0	0	0	0	0
Netto avsetninger	<b>-1 319 800</b>	<b>-937 671</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overført til investeringsregnskapet	333 084	0	0	0	0	0
<b>Til fordeling drift</b>	<b>56 261 956</b>	<b>58 235 329</b>	<b>59 978 113</b>	<b>56 824 225</b>	<b>54 235 640</b>	<b>52 172 680</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra 1B)</b>	<b>53 471 308</b>	<b>58 235 329</b>	<b>59 978 113</b>	<b>56 824 225</b>	<b>54 235 640</b>	<b>52 172 680</b>
<b>Reknesk meir-/mindreforbruk</b>	<b>2 790 648</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

				2015 kr	2015 kr	2015 kr
	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Øk.plan</b>	<b>Øk.plan</b>	<b>Øk.plan</b>
<b>Budsjettskjema 1B:</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Rådmann/sentraladm	13 095 823	13 841 744	13 655 152	13 735 152	13 735 152	13 735 152
Kultur	3 083 756	3 016 620	3 228 078	3 258 078	3 258 078	3 258 078
Sosial og barnevern	665 662	894 500	912 000	922 000	922 000	922 000
Skule	8 853 747	9 537 559	10 038 873	10 118 873	10 118 873	10 118 873
Barnehage	4 526 700	5 393 329	5 365 104	5 445 104	5 445 104	5 445 104
Pleie og omsorg	10 939 823	12 458 584	13 274 913	13 354 913	13 354 913	13 354 913
Kommunelege	3 886 003	4 670 800	4 774 267	4 804 267	4 804 267	4 804 267
Teknisk etat	11 467 302	12 493 193	11 391 306	11 672 919	11 672 919	11 672 919
Småinvesteringar			1 060 000	934 000	485 000	325 000
Uspesifisert saldering			0	-4 199 501	-6 639 086	-8 727 046
Sentrale postar	-3 047 508	-4 071 000	-3 721 580	-3 221 580	-2 921 580	-2 736 580
	<b>53 471 308</b>	<b>58 235 329</b>	<b>59 978 113</b>	<b>56 824 225</b>	<b>54 235 640</b>	<b>52 172 680</b>

### Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt drift viser grupperte inntekts- og utgiftspostar for heile kommunen samla. I oversikten finn ein m.a. **netto driftsresultat** som er det viktigaste resultatombrepet for å vurdera resultat og budsjettert resultat i ein kommune, og som syner resultatet av dei løpande inntektene og utgiftene.

Det er for 2015 budsjettert med eit netto driftsresultat på kr 1,8 millionar som er om lag 2,1 % av driftsinntektene.

<b>Økonomisk oversikt - drift</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Reknesk</b>
<b>Driftsinntekter</b>			
Brukerbetalingar	2 193 500	2 383 500	2 851 027
Andre salgs- og leieinntekter	4 009 900	3 961 900	3 831 926
Overføringer med krav til motytelse	11 686 000	11 223 200	13 780 218
Rammetilskudd	16 000 000	15 827 000	14 617 589
Andre statlige overføringer	150 000	150 000	219 345
Andre overføringer	381 000	241 000	893 952
Skatt på inntekt og formue	7 800 000	7 526 000	7 849 148
Eiendomsskatt	22 823 113	23 390 000	23 389 997
Andre direkte og indirekte skatter	19 739 000	20 039 000	19 719 908
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>84 782 513</b>	<b>84 741 600</b>	<b>87 153 110</b>

	2015	2014	2013
<b>Driftsutgifter</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
Lønnsutgifter	43 162 993	40 884 600	39 708 405
Sosiale utgifter	11 888 433	11 894 829	10 247 515
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.prod.	15 994 100	15 528 800	15 793 918
Kjøp av tjenester som erstatter tj.prod.	4 107 100	3 941 600	4 001 249
Overføringer	6 733 500	7 346 900	8 020 883
Avskrivninger	6 884 800	6 884 800	7 224 788
Fordelte utgifter	200	4 400	0
Uspesifisert innsparing	-421 613		
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>88 349 513</b>	<b>86 485 929</b>	<b>84 996 758</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-3 567 000</b>	<b>-1 744 329</b>	<b>2 156 352</b>

<b>Finansinntekter</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
Renteinntekter og utbytte	865 000	640 000	870 952
Mottatte avdrag på utlån	536 000	536 000	592 695
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>1 401 000</b>	<b>1 176 000</b>	<b>1 463 647</b>
<b>Finansutgifter</b>			
Renteutgifter og låneomkostninger	840 000	860 000	954 246
Avdrag på lån	1 500 000	2 500 000	2 500 000
Utlån	530 800	530 800	377 207
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>2 870 800</b>	<b>3 890 800</b>	<b>3 831 453</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-1 469 800</b>	<b>-2 714 800</b>	<b>-2 367 806</b>
Motpost avskrivninger	6 884 800	6 884 800	7 224 788
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>1 848 000</b>	<b>2 425 671</b>	<b>7 013 334</b>

	2015	2014	2013
<b>Interne finanstransaksjoner</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
Bruk av tidligere års mindreforbr			3 547 916
Bruk av disposisjonsfond	4 018 000	4 218 000	3 772 304
Bruk av bundne fond	315 000	315 000	278 848
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>4 333 000</b>	<b>4 533 000</b>	<b>7 599 068</b>
Overført til investeringsregnskapet			333 084
Avsatt til disposisjonsfond	6 021 000	6 958 671	10 937 030
Avsatt til bundne fond	160 000		551 640
<b>Sum avsetninger</b>	<b>6 181 000</b>	<b>6 958 671</b>	<b>11 821 754</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 790 648</b>

## 5. Investeringar

Samla investeringsutgift er på kr 8,45 millionar i 2015, eit høgare nivå enn dei siste åra.

Investeringsutgiftene vert finansiert med eigne fondsmidlar, delfinansiering frå mva-kompensasjon, evt tilskot og låneopptak. Sjå hovudoversikt 2A – Investering lenger nede.

Investeringsplanen baserer seg på gjennomgang med formannskapet i oktober der bestillinga var eit investeringsnivå på kr 10 millionar for 2015. Den samla økonomiske situasjonen har gjort det vanskeleg å finne rom for så høgt investeringsnivå, og 2015-budsjettet er såleis redusert til kr 8,45 millionar i framlegget. Det vert tilrådd at det vert gjort ei endå strammare prioritering over investeringane i planperioden. Investeringsplanen er saldert med låneopptak i 2017 og 2018 (sjå skjema 2A under), då det ikkje er tilstrekkeleg med fondsmidlar tilgjengeleg. Den stramme driftssituasjonen med reduserte kraftinntekter vil gjere det vanskeleg å oppnå høge nok resultat til å tilføre fondskapitalen nok midlar til å kunne finansiere planlagte investeringar, slik det ser ut i dag.

### 5.1. Oversyn over investeringar – budsjettskjema 2B

Investeringsoversyn 2015-2018	2015	2016	2017	2018
Ny bil Modalstunet	180 000			
Oppgradering fellesarealer Modalstunet		400 000		
Møblar til fellesareal		130 000		
Oppgradering bebuarrom 2 stk. Modalstunet	1 700 000			
Boss-skur Modalstunet	0		100 000	
Lås system Modalstunet	600 000			
Oppgradering helsesenter	350 000			
Oppgradering Øvre Helland vassverk	3 370 000			
UV filter Mo vassverk	0	700 000		
Diverse investeringar innan vatn og avløp	250 000	250 000	250 000	250 000
Tomtefelt Mo og Øvre Helland	0	500 000	3 000 000	2 000 000
Ny Brannbil / utstyr	600 000	300 000		
Garderobeanlegg brannmannskap		500 000		
Rehabilitering/Oppgradering kommunale bustader	300 000	300 000	300 000	300 000
Asfaltering kommunale vegar og plassar	200 000	200 000		
Reperasjon hellelagde områder Mo	0	150 000		
Lysløype			500 000	
Kunstgras	0			
Avsetjing til nytt næringsbygg/kommunehus	0	2 000 000	2 000 000	2 500 000
Fiber til nye husstandar	0	0	0	0
Fiber til hytter	0			
Oppgradering ved bryggjeslottet/ båthamn	600 000			
Oppgradering mobilsamband	300 000			
<b>Sum større investeringar</b>	<b>8 450 000</b>	<b>5 430 000</b>	<b>6 150 000</b>	<b>5 050 000</b>

## 5.2. Budsjettskjema 2A – Investering

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Budsjettskjema 2A - investering	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Investeringer i anleggsmidler	3 044 231	5 455 000	8 450 000	5 430 000	6 150 000	5 050 000
Utlån og forskutteringer	1 265 805	500 000	500 000	300 000	300 000	300 000
Kjøp av aksjer og andelar	140 172		140 000	100 000	100 000	100 000
Avdrag på lån	279 050	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Avsetninger						
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>4 729 258</b>	<b>6 255 000</b>	<b>9 390 000</b>	<b>6 130 000</b>	<b>6 850 000</b>	<b>5 750 000</b>
<b>Finansiert slik:</b>						
Bruk av lån-investeringar					2 850 000	3 750 000
Bruk av lån-formidlingslån	911 731	500 000	500 000	300 000	300 000	300 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	117 000					
Tilskudd til investeringer						
Mva-kompensasjon		700 000	900 000	400 000	700 000	400 000
Mottatte avdrag på lån og refusjoner	133 285	600 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Andre inntekter						
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>1 162 016</b>	<b>1 800 000</b>	<b>1 700 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>4 150 000</b>	<b>4 750 000</b>
Overført fra driftsbudsjettet	333 084	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	3 234 158	4 455 000	7 690 000	5 130 000	2 700 000	1 000 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 567 242</b>	<b>4 455 000</b>	<b>7 690 000</b>	<b>5 130 000</b>	<b>2 700 000</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>


## 5.3. Fondsmidler og lånegjeld – utvikling

Diagrammet for ubundne fondsmidler tek utgangspunkt i rekneskapstal fram til 1.1.14. Vidare er det lagt til grunn tal frå budsjett 2014, samt budsjett- og økonomiplan 2015 – 2018. Stram driftssituasjon framover vil føre til at det vert vanskeleg å levere gode driftsresultat som kan tilførast og auke fondskapitalen.

Med høgare investeringsnivå enn det som årleg vert avsett frå driftsbudsjettet, får kommunen ei negativ utvikling i fondsmidlane. I løpet av 2018 vil fondsmidlane vere nær kr 0 (utanom avsette inv.midlar til samfunnshus), og det vert behov for å lånefinansiere delar av investeringane i 2017 og 2018. Sjå skjema 2A over. Dette betyr at me òg brukar opp den frie delen av næringsfondet. Dette er basert på eit fortsatt høgt forbruk av midlar til næringsstøtte, bustadbygging og andre tilskotsføremål. Det er difor behov for ein gjennomgang av gjeldande stønadsordningar i planperioden.

Frie fondsmidlar som kan finansiere investeringsmidlar vert altså brukt opp i planperioden. På den andre sida vert det årleg gjennomført relativt stor avdragsbetaling i driftsbudsjettet med kr 2,5 millionar årleg i budsjettframlegget. Det vil såleis kunne vere mogleg å lånefinansiere investeringar utan å måtte auke årlege avdrag, då kommunen pr i dag ligg høgt over minimumsavdrag i høve til reglane i kommunelova.

#### Utvikling i ubundne fondsmidlar 2009-2018:



#### 5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet

**I innstillinga er det lagt vekt på å halde investeringane i økonomiplanperioden på eit nivå som er tilpassa kommunen si økonomiske evne.**

**Innan dei årlege rammene er det prioritert tiltak som er relatert til kommunen sine primæroppgåver - opprusting / vedlikehald av kommunale anlegg og eigedomar samt investeringar som effektiviserer kommunen si eiga drift og lovpålagde tenester.**

**Formannskapet legg fram ei investeringsliste på kr 8,45 millionar for 2015. Det vert venta ein strammare driftssituasjon med svakare driftsresultat framover. Det vil såleis verte enno viktigare med stram prioritering.**

#### Modalstunet

Det er framkome mange behov for utbetringar og innkjøp av inventar og utstyr. Etter rådmannen si meining bør omfanget av framtidig kapasitetsbehov og driftsløysingar avklarast i løpet av neste år, før ein gjennomfører for mange store investeringar. Men likevel er det grunn til gjennomføre nokre tiltak.



### **Bebuarrom Modalstunet**

Fire bebuarrom er no ferdig oppgradert. Bebuarromma, spesielt bada treng utbetrast. Det vert føreslege også å vøle 2 nye rom i 2015. Planlagt avsette midlar for 2016 og 2017, vert føreslege å utgå til framtidig drift er nærmare avklara.

Budsjettert kostnad i 2015   kr 1 700 000

### **Bosskur Modalstunet .**

I økonomiplanen 2014 – 2017 var det sett opp 100 000 til nytt bosskur i 2015. Dette er utsett for ny vurdering til 2017.

### **Låssystem.**

Modalstunet er ein sjukeheim for mange ulike brukarar. Om nokon har aldersdemens kan ein framleis vere fysisk frisk. Modalstunet er bygningsmessig ikkje tilrettelagt for denne brukargruppa. Det er kun den nye hovudinngangen som har kodelås på døra. Elles er det «smekklås» på alle andre hovudører, slik at det er lett å kome seg ut gjennom desse dørene. I tillegg har kvart bebuarrom altandør med vrilås som går direkte ut frå rommet. Dette gjer det enkelt for bebuar å kome seg ut. Det er trong til betre tryggleiken. Alternative alarmsystem vert no forsøkt nytta, men det er teke med kostnad til skifte av låssystem ved behov i 2015.

Låssystem Modalstunet kr.600 000

### **Ny bil Modalstunet**

Noverande er ein 2006 modell, og har gått ca 80 000 km. Det har vore mange reparasjonar (ca. kr 30.000) på denne bilen i 2014.

Det vert føreslege avsett midlar til kjøp av ein mindre ny bil i 2015 – kr 180.000.

### **Oppgradering av lokale og møblar - fellesareal Modalstunet**

Føreslege utsett for ny vurdering til 2016

### **Oppgradering Helsesenteret**

I 2013 og 2014 har det vore utført ei oppgradering av helsesenteret med samla kostnad kr. 215 589. Dette vart nytta til interiørarkitekt, maling av vegger og nye persiennar. Det er stor slitasje på eksisterande møblar og innreiing. Det er trong for innkjøp av møblar, kjøkkeninnreiing på personalrom og ny innreiing på laboratoriet ved legekantoret. Nye skilt på yttervegg pluss gang og kantoret til Psykiatrisk sjukepleie/Psykisk helse. Det er behov for utbetre inngangspartiet til helsesenteret med fast dekke framfor inngangsdøra slik at pasientar med rullestol/rullator og andre kan koma seg rett bort til døra frå bil.

Det vert føreslege å fullføre oppgraderinga av helsesenteret i 2015.

Budsjettert kostnad i 2015   kr 350 000

## **Opprusting av lokale for Øvre Helland vassverk og installering av UV filter.**

Etter Drikkevassforskrifta § 8.1 ledd, pkt 1 skal Øvre Helland vassverk vera godkjent fordi det leverer drikkevatt til minst 50 personar. Det er søkt mattilsynet om godkjenning. Det er eit krav i drikkevassforskrifta at det skal vera minimum 2 hygieniske barrierer. Mattilsynet har etter tilsyn vurdert det slik at Øvre Helland vassverk ikkje tilfredstiller dette kravet. Dei kan derfor ikkje godkjenna vassverket. Mattilsynet krev at drikkevattnet som vert levert på nettet må gjennom eit desinfeksjonstrinn. Dei krev også at pH verdien tilfredstiller krava. Det er derfor naudsynt med alkalisering. Styringa av vassforsyninga er av eldre dato og må skiftast ut.

I budsjett for 2014 er det sett av kr. 800 000,- til dette prosjektet. Firmaet Rambøll vart leigd inn for å lage anbodspapir for utlysning på Doffin. I den samanheng vart det føreteke ein gjennomgang av bygget. Ved gjennomgangen kom det fram at bygget er i så dårleg stand at det treng bygningsmessige utbetringar før ein kan starta oppgradering av vassverket. Det er innhenta tilbod på utbetring av bygget og oppgradering av vassverket.

Det er i 2014 brukt omlag kr. 200 000 til konsulentar. Dette til utarbeiding av statusrapport, val av løysing og utarbeiding av anbodspapir.

Byggnigmessig utbetring 2 170 000.

Dette er inklusiv byggkostnader og prosjekterings-kostnader for konsulent.

Oppgradering av vassverket med innstatering av UV anlegg og alkalisering.  
Kostnad 1 200 000.

Samla kostnad på oppgradering av Øvre Helland vassverk kr 3 570 000.  
Budsjettert kostnad 2015 vert kr 3 370 000.

## **Installering av UV filter Mo vassverk**

Mo vassverk er tidlegare godkjent av Mattilsynet, men krava har vorte strengare. For å tilfredstilla drikkevassforskrifta må også vatnet her gjennom eit desinfeksjonstrinn og det er naudsynt med alkalisering. Styringa må også skiftast.

I økonomiplanen 2014 – 2017 vart det sett opp 700 000 til dette i 2015. Dette vert føreslege flyttast til 2016, grunna at oppgradering av Øvre Helland vassverk er under arbeid.

## **Diverse investeringar innan vatn og avløp**

Vatn og avløpsanlegga i Modalen kommune treng til kontinuerleg oppgradering, det oppstår stadig vekk driftsavbrot som krev rask innsats. Døme på slike avbrot er brot på hovudvassleidning, problem med djupvasspumper og styring av desse og problem med reinseanlegg. Desse hendingane krev ofte innleige av eksterne ressursar slik som maskinar, transport, røyrleggar og elektrikar. Krav til rask utbetring gjer at vi bør ha ein buffer for å møte slike situasjonar.

Vi har derfor sett av eit årleg beløp på kr 250 000 for kvart år i perioden.

## **Avsetning til næringsbygg/kommunehus – nybygg / opprusting**

Det vart i 2013 utført ei vurdering av kommunehuset. Kommunestyret har i 2014 tinga sak for vurdering av bygging av eit nytt kontorbygg for offentleg / privat verksemd. Saka vert lagt fram til drøfting i kommunestyremøte den 6.11.14. Skissert finansiering for dette prosjektet er basert på ein eigenkapital (oppsparte fondsmidlar) med kr 10 millionar. Dersom det ikkje vert planlagt eit nytt bygg så må det gjerast noko med eksisterande bygning.

Rådmannen vil derfor føreslå at det vert sett av midlar til prosjektet gjennom heile økonomiplanperioden. Det vart i 2013 sett av kr 1.5 millionar til ubunde investeringsfond. I rådmannen sitt framlegg med ei redusert investeringsramme på 8.45 millonar kroner for 2015, er det ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Oppstart med planlegging av prosjektet kan likevel gjerast i 2015 finansiert ved bruk av tidlegare avsette midlar.

## **Tomtefelt Mo og Øvre Helland**

I økonomiplanen var det planlagt å setje av midlar frå 2015. Dette bør flyttast til 2016 på grunn av at den nye kommuneplanen ikkje er vedteken. Det vil ikkje vere aktuelt å erverve nytt areal eller føreta investeringar før denne er på plass. Rådmannen vil derfor rå til at midlar til føremålet vert skuva ut eit år i tid.

## **Rehabilitering / oppgradering av kommunale bustader**

Modalen kommune har i dag 31 bueiningar, av varierende alder og kvalitet. Innvendig vedlikehald av bustadane har stort sett vorte utført når desse har stått ledige. For dei eldste bustadane har vi eit etterslep på både utvendig og innvendig vedlikehald.

Det vert planlagt brukt 300 000 kroner kvart år i økonomiplanen til rehabilitering/oppgradering. Dette er ein auke på 50 000 i høve tidlegare år.

## **Ny brannbil og utstyr**

Vi har engasjert Meland og Lindås Brannvern til å utføre ei vurdering av risikotilhøva for brann i Modalen. Dei vil også bistå oss i val av ein eigna ny brannbil med tilhøyrande utstyr for å komplettere det vi i dag har av materiell.

I 2014 vart det sett av kr 1 000 000 og planlagt ført opp kr 600 000 i 2015. Det er ikkje brukt midlar i 2014, men desse vil verte avsett til bruk i 2015.

I 2014 har ein føreteke ei førebels vurdering av kva som er beste løysing for Modalen brannvern. Ein har då kome fram til at ein bør anskaffe ein mindre brannbil som kan vere ein «framskutt enhet» ved utrykning til brann eller redning.

Det vert føreslege å setje av kr 600.000 i 2015, og kr 300.000 i 2016 når endeleg trong til utstyr er avklart. Det vil verte planlagt å kjøpe ny bil i 2015.

## **Garderobeanlegg brannmannskap**

Det kan vere behov for å ordne til eit lokale i industribygget for garderobe/utstyr til brannmannskapa. Dette vil rådmannen vurdere nærmare i økonomiplanperioden. Kommunestyret vedtok i 2014 å setje av kr 500 000 til føremålet i 2016.

## **Asfaltering kommunale vegar og plassar**

Det er trong for asfaltering i samband plassar og vegar. Det vert føreslege sett av kr 200 000 i 2015 og 2016.

## **Vedlikehald av heller i Mo sentrum.**

Det er behov for reparasjon av heller i sentrum. Kostnad kr. 150 000 avsett 2016

## **Fiber nye husstandar**

I KS-019/11 vart det gjort vedtak om vidare framføring og tilknytning til fiber med kommunal distribusjon av internett. Bustadhus, som er utleigd til fastbuande, er omfatta av denne ordninga/utbygginga. Kommunen gjev ein stønad for kvar husstand med inntil kr 15 000,- for tilknytning til fibernettet. I tillegg til nye bustader så vil ordninga også omfemne bustader som vert ombygd til fast busetnad.

Det vert ikkje sett av investeringsmidlar dei neste åra, men eit forventa redusert behov vert å dekkja innan driftsbudsjettet for IKT.

## **Fiber til hytter**

Det er stor etterspurnad for å leggje til rette for fiber til hytter og fritidshus. Rådmannen finn ikkje å kunne prioritere midlar til eit slikt prosjekt.

## **Oppgradering mobilsamband**

Telenor har invitert kommunen til å gjennomføre eit spleiselag for å oppgradere sendaren ved Krossdal (Granheim). Det er søkt om delfinansiering (kr 300 000) for kommunal eigenandel til Hordaland fylke (kompensasjonsmidlar). Rådmannen vil føreslå at det vert sett av midlar til å gjennomføre dette tiltaket neste år.

Det vert avsett kr 300 000 i 2015

## **Opprusting uteområde ved Bryggjeslottet / Båthamn**

Formannskapet har vedteke å sende søknad om å bruke tildelte kompensasjonsmidlar til ei planlagt opprusting av området ved Bryggjeslottet og til utviding av småbåthamna.

Total kostnad er budsjettert til kr 1.6 million med kr 600.000 i eigenandel – avsett i 2015.

## Lysløype

Kommunestyret vedtok i 2014 å setje av kr 700 000 i økonomiplanen for 2017. Rådmannen vil rå til at dette prosjektet vert prioritert ned i høve andre behov.

## Kunstgrasbane

Rådmannen har utarbeida ei fyldig utgreiing av ulike alternativ for bygging av kunstgrasbane. Notat om dette vert lagt fram som eige vedlegg til budsjettet.

Kommunen må forskottere tippemidlane som inngår i ulike finansieringsalternativ. Kostnad kr 4 900 000 eller høgare avhengig av alternativ.

Dette eit positivt prosjekt som lenge har vore omtala. Men kommunen har mange investeringsoppgåver knytta til sine primære tenester. Rådmannen finn derfor ikkje å kunne tilrå gjennomføring av dette tiltaket i planperioden.

### **5.5. Utfyllande kommentarar til framlagt liste over prioriterte og uprioriterte småinvesteringar**

Som tidlegare kommentert er det ei beløpsgrensa for kva som kan førast i investeringsbudsjettet. I samsvar med etablert praksis er det utarbeida ei liste over mindre investeringar, prosjekt og tiltak som ikkje inngår i den ordinære årlege drift og som heller ikkje kan klassifiserast som investeringar. Tiltaka i oversynet vert ikkje innarbeida i dei ordinære driftsrammene til einingane og vert såleis ikkje vidareført i løyvingane for seinare år i økonomiplanperioden. Dette er med å gje både betre oversyn og kontroll av driftsøkonomien både for rådmannen og for kommunestyret.

Det er sett fram ønskje om realisering av tiltak som langt overgår kva kommunen har evne til å gjennomføre innanfor økonomisk evne. Desse utgiftene er enno ikkje innarbeidd i oversyna i budsjettdokumentet, og vil såleis auka dei samla driftsutgiftene.

#### **Småinvestering Pleie og omsorg**

Ved Modalstunet er det meldt om trong til å fornye ein del inventar og gjennomføre interiørtiltak for betre trivnad. Totalt utgjer dette ca kr 750 000.

Både på kjøkken og vaskeri er det fleire større maskiner som er av eldre dato og som det har vore store kostnader til vedlikehald av dei siste åra.

I framlagt liste over ulike behov er det også med utstyr knytta til pleie og opplæring i bruk av programvare.

Samla utgjer dette langt meir enn kva som kan løysast innan budsjettet for 2015. Rådmannen vil derfor rå til at det vert sett av ein rund sum (RS) kr 300 000 til kjøp av nytt utstyr som leiar må prioritere bruk av utifrå melde behov. I tillegg vert det rådd til kr 65 000 til opplæring i dataprogram.

## **Småinvesteringar Teknisk**

### **Opplæring brannmannskap**

Vi har eit betydeleg behov for generell opplæring av brannmannskapa utifrå dei krav som føreligg. Intern opplæring/øvingar skjer i dag i eit samarbeid med Meland og Lindås brannvern.

Det er sett av kr 75 000 årleg gjennom planperioden, men dette må truleg aukast når krav til kompetanse vert nærmare avklart.

### **Utarbeiding av arealplan**

Arbeidet med kommuneplanen er i slutfasen og var planlagt ferdig i 2014. Høyringsrunden har teke lengre tid enn føreset. Det er påløpt mindre kostnader til konsulent i 2014 enn kva som er avsett. Vi må setje av midlar i 2015 til slutføringsarbeidet.

Det er sett av kr 100 000, men trongen kan vere større avhengig av kor mykje arbeid som vert overført til 2015.

### **Utvendig maling av leigegardar**

Kommunen har eit stort etterslep med omsyn til utvendig vedlikehald av leigegardar. Arbeidet må ofte utførast på den tida av året det som er mest resurskrevjande for uteetaten, planen er derfor å leige inn firma til å utføre arbeidet. Trong for maling av Bryggjeslottet er nærmare kommentert under kultur.

Det er sett av kr 200 000 årleg gjennom planperioden.

### **Asfaltering kommunale vegar og plassar**

Det er alltid trong for asfaltering i samband med mindre grøfte og vegarbeid. Slikt vedlikehaldsarbeid må takast innan ordinært vedlikehaldsbudsjett. Nyanlegg er føreslege midlar til under investeringar.

### **Ny komfyr samfunnshuset på Mo**

Vert føreslege utsett for ny vurdering til 2016.

### **Utstyr/maskiner til teknisk etat / reinhald**

Totalt kr 50 000 avsett til kjøp av fall-laser og plenklipparar. Andre behov utsett.

### **Kantklipping langs kommunale vegar**

Planlagt kjøp av denne tenesta i 2015 vert utsett eit år og deretter om to år i 2018.

## **Småinvestering Kultur**

### **Innkjøp av kunst til offentlege bygg**

Årleg innkjøp av kunst vert ikkje tilrådd for 2015.

### **Skulemuseet - restarabeid**

Avsett kr 50 000 til fullføring av utskifting av vindu.

### **«Blien» – div vedlikehaldsarbeid**

Det er meldt om behov for utbetring av båten. Vert føreslege utsett til 2016.

Det bør takast stilling til kva kommunen vil gjere med båten fram i tid.

### **Høgtalaranlegg samfunnshus**

Vart reparert for to år sidan. I bruk berre ved få høve. Leigetakarar har oftast med eige anlegg. Vert føreslege ikkje vølt att.

### **Bryggjeslottet - utvendig maling / mosefjerning**

Ønskje om maling og fjerning av mose på tak. Det er også behov for utskifting av kledning på eit mindre område.

Teknisk etat utfører neste år byte av kledning innan sitt vedlikehaldsbudsjett.

Maling og mosefjerning vert føreslege utsett til 2016. Dersom maling av Bryggjeslotte skal prioriterast i 2015 må midlar til maling av leigegardar (kr 200 000) utgå for neste år.

### **Bryggjeslottet – tak dusjrom og panel veggjar styrkerom**

Ein del takplater i dusjrom må skiftast og veggjar på styrkerom bør panelast opp frå golvet for hindre skader på veggplater.

Avsett midlar, litt høgare enn meldt behov, til å gjennomføre tiltaka snarast.

### **Småinvesteringar Barnehage**

Bålhus til uteområde utsett til ny vurdering for 2016

### **Småinvesteringar Mo skule**

Behov til utstyr utsett til ny vurdering i 2016 om det ikkje kan prioriterast innan eige rammebudsjett.

### **Småinvesteringar Rådmannen**

#### **Til rådvelde for Formannskapet**

Årleg sum kr 50 000 avsett i heile planperioden, men har vore lite nytta.

#### **Investeringar felles IKT**

Driftsbudsjettet for vår del av felles IKT drift går litt ned også i 2014. Dette gjeld også for våre kostnader til felles investeringar der vi i 2015 løyvde kr 250.000. Framleis er det trong til å gjennomføre ulike felles IKT-prosjekt i Nordhordland. Dette er prosjekt som delvis er initiert regionalt og delvis etter sentrale føringar innan ulike sektorar. Alle kommunane tek del i desse prosjekta. Tiltaka skal både betre kvaliteten på tenestene, effektivisere tenesteproduksjonen og auke tryggleiken i systema.

For 2015 vert det føreslege kr 120 000 som utgjør vår del av budsjettet kostnad til føremålet.